

Presentasjon av søkjarane 2021

Tilskot til kulturarenaer med regionale funksjonar

Nr	Søkjar	Kommune	Prosjektnamn
1	STIFTINGA HARDANGER OG VOSS MUSEUM	Kvam	Kulturnaustet
2	STIFTINGA MUSEA I SOGN OG FJORDANE	Gloppen	Holvikejekta verne- og formidlingsbygg
3	KRAFTMUSEET - NORSK VASSKRAFT- OG INDUSTRISTADMUSEUM	Ullensvang	Lindehuset
4	SUNNHORDLAND MUSEUM	Stord	"Nye Sunnhordlandstunet"
5	STIFTELSEN BYMUSEET I BERGEN	Bergen	Gamle Bergen - Nytt publikumsbygg
6	MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter
7	M12 GRUPPEN	Øygarden	Kulturterminalen
8	FJALER KOMMUNE	Fjaler	Samvirket
9	MOSTER AMFI- OG KYRKJEHISTORISKE SENTER	Bømlo	Moster Amfi og kyrkjehistoriske senter
10	FORTIDSMINNEFORENINGEN	Luster	Urnes verdensarvsenter
11	KODE KUNSTMUSEER OG KOMPONISTHJEM	Bergen	Formidlingsverksted på KODE 1
12	KVAM HERAD	Kvam	Kulturhus i Kvam
13	STIFTELSEN BERGEN KJØTT	Bergen	Bergen Kjøtt
14	STIFTELSEN SENTRALBADET LITTERATURHUS	Ullensvang	Sentralbadet litteraturhus
15	STIFTELSEN KULTURHUSET USF	Bergen	USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet
16	PROSJEKT GRIEGKVARTALET	Bergen	Prosjekt Griegkvartalet

Tekstsamandrag og foto: Åge Avedal, seniorrådgjevar kunst- og kulturutvikling Vestland fylkeskommune

Kulturnaustet

Stiftinga Hardanger og Voss Museum / Hardanger fartøyvernssenter

Nettside: <https://fartoyvern.no/>

Om kulturarenaen:

Hardanger fartøyvernssenter (HFS) ligg i Norheimsund og er nasjonalt fartøyvernssenter og museum. Senteret driv med restaurering, vern og formidling av kulturarv, kystkultur og maritime handverk. Det er 35 tilsette ved senteret. I tillegg er HFS lærebedrift i tre tradisjonshandverk, læringsarena for vidareutdanning i bygningsvern og held m.a. kurs i åremaking og reipslagning. HFS utfører restaureringsarbeid og tilstandsvurderingar på fartøy. Frå verkstadane på senteret kan ein bestille og kjøpe m.a. robåtar i tradisjonell utforming, tauprodukt, årer og smedprodukt.



Senteret er ope kvar dag i sommarsesongen og elles i året for grupper på bestilling. Dei besøkande kan vandre rundt på området og sjå handverkarar i arbeid, ro tur på fjorden, sjå historiske biletspel i filmsalen, lage tau og snekre leikebåtar. Hardangerjakta Mathilde frå 1884 ligg til kai ved senteret, og tek også med grupper på tokt. Ved senteret ligg også motorcruiseren M/Y Faun og segl- og motorbåten M/K Vikingen ved kai.

Søknadstekst (Om tiltaket):

HFS sine aktivitetar er spreidde i fleire mindre bygg. Museet kjøpte i 2016 naboeigedom med eit næringsbygg (1000 m²) som ekspansjonsareal. HFS har utvikla planen «Tett på» for nødvendig utvikling av bygg og uteområde. «Kulturnaustet» er største delprosjekt i «Tett på». Det gjeld ombygging av næringsbygget til eit funksjonelt, universelt utforma publikumsbygg med formidling, filmsal, resepsjon og butikk mv. i 1. høg. I 2. høg. kontor, undervisningslokale og bibliotek. Det betrar besøks- og undervisningsforholda, gir ei meir rasjonell drift og betrar arbeidsforholda. Det frigjev areal til verkstader med tradisjonshandverk og opplæring, er framtidsretta, betrar logistikk og tilpassar HFS til dagens krav og brukarar. Er klar til rammeløyve.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Kulturnaustet vil samle viktige publikumsfunksjonar ved HFS, samlokalisere kontor og frigjere plass til verkstadar og lager. Kulturnaustet vil verte endepunkt for strandvegen, og ein viktig del av Strandstaden Norheimsund. HFS vil i samarbeid med Kvam herad etablere maritim viten- og leikepark.

Stiftinga Hardanger og Voss Museum har søkt bankar, stiftingar, kommune, fylkeskommune og staten om midlar til prosjektet Tett på. Fleire av desse er innvilga. Regjeringa har gjennom museumsmeldinga signalisert ei satsing på kystkultur, der Tett på-prosjektet er nemnt som eit tiltak.

Holvikejekta verne- og formidlingsbygg

Stiftinga musea i Sogn og Fjordane

Nettside: <https://nordfjord.museum.no/nn/holvikejekta-0>

Om kulturarenaen:

Holvikejekta er del av samlinga til Nordfjord folkemuseum, og er den einaste opphavelige vestlandsjekta som er bevart. Jekta er i dag utstilt på nordsida av Gloppefjorden, ca. ein km. frå Sandane sentrum. Holvikejekta vart bygd i 1881 på Sandane av brørne Jakob og Andreas Apalset. Jekta vart sett på land i 1906 etter at dampbåtane konkurrerte ut jektene. Nordfjord sogelag kjøpte Holvikejekta i 1909, som vart den første gjenstanden i samlinga i det som skulle bli Nordfjord folkemuseum, skipa av Nordfjord sogelag i 1920. Eit verne- og formidlingsbygg vil sikre jekta som historisk kjelde og blir ein attraksjon som vil auke kunnskaps- og opplevingsverdien til publikum i området.



Søknadstekst (Om tiltaket):

Bygget er klimaregulert i høve fukt og temperatur, og jekta sikra med naudsynt oppstøtting. Formålet er å bevare og vise Holvikejekta i mest muleg opphavelig stand, for notida og for framtidige generasjonar. Det er naudsynt både ut frå eit verne- og formidlingsperspektiv. Jekta er trua av råteskadar, deformering og insektangrep. Den er heller ikkje godt nok sikra mot brann, skadeverk, vind og springflo. Per i dag har publikum berre høve til å sjå jekta ute, gjennom netting. Med nybygget vil det bli lagt til rette for å ta imot besøkande på ein god måte, med universell utforming og heilårs formidling. Det vil auke attraksjonsverdien, skape fleire besøkande og auke opplevingsverdien til dei som kjem.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Regjeringa har gjennom museumsmeldinga signalisert ei satsing på kystkultur, der Holvikejekta er nemnt som eit tiltak.

Lindehuset

Kraftmuseet – Norsk vasskraft- og industristadmuseum

Nettside: <https://www.kraftmuseet.no/forside/>

Om kulturarenaen:

Lindehuset ligg i Odda og er del av Kraftmuseet. Lindehuset var nitrogenfabrikk frå byrjinga av 1900-talet og del av Odda smelteverk, som gjekk konkurs i 2003. I 2004 kjøpte Odda kommune huset og starta prosjektet med å gjere huset om til eit permanent kulturhus. Huset representerer internasjonal industrihistorie, og store delar av det historiske anlegget er intakt og freda av Riksantikvaren. I 2019 signerte Kraftmuseet og Odda kommune ein 20-års leigeavtale for Lindehuset, der Kraftmuseet tok på seg ansvaret med å utvikle huset til regionalt kulturhus.

Lindehuset rommar i dag større og mindre kulturarrangement og festivalar, i tillegg til å ha museumsfunksjonar gjennom m.a. ulike utstillingar. Parallelt med å utvikle huset som kulturhus jobbar Kraftmuseet med å utvikle museumsdelen, m.a. med mål om å etablere eit senter etter den kjente fotografen Knud Knudsen.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Lindehuset vil bli ein allsidig kulturarena som møter ei mengd ulike behov, med fasilitetar som eit regionsenter skal ha, i følge fylkeskommunen sitt planverk. Lindehuset blir ein ny, sentral møteplass for kulturlivet i vid omkrins. Bygget vil innfri etterspørsel som finst lokalt, regionalt og nasjonalt. Eit hovudgrep er å ha ein fleksibel bruk av areala, med stor utnyttingsgrad. Vesentleg i prosjektet at ein tar vare på eit kulturhistorisk svært viktig bygg, ved vern gjennom bruk. Bygget representerer internasjonal industrihistorie. Store deler av det historiske anlegget er intakt. Lindehuset har høge arkitektoniske kvalitetar, og er med i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram for teknisk-industrielle kulturminne.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Kraftmuseet ønskjer å dekke behovet for eit regionalt kulturhus i indre Hardanger i Lindehuset, m.a. gjennom ein fleksibel storsal etter Riksteateret sine krav og eit internasjonalt Knud Knudsen-senter. Lindehuset er tidlegare støtta av Odda/Ullensvang kommune, Hordaland fylkeskommune, Riksantikvaren, UNI-stiftelsen og Norsk kulturminnefond.



Nye Sunnhordlandstunet

Sunnhordland museum

Nettside: <https://sunnhordland.museum.no/>

Om kulturarenaen:

Sunnhordland museum er minnebanken for regionen og regionalt ansvarsmuseum for alle dei åtte kommunane i Sunnhordland. Sunnhordlandstunet ligg i Leirvik på Stord og er hovudbygget for bevaring av gjenstandar, administrasjon, utstillingar og formidling. I museumstunet finn du Ådlandstova frå omlag 1400, museets eldste hus, samt m.a. røykstove, smie, stabbur, eldhus, løe, strandsitjarhus, krambu og ei skulestove. Sunnhordlandstunet rommar også utstillingar og er arena for ulike familie- og gruppeaktivitetar.



Sunnhordlandstunet er ope for publikum, med utvida aktivitetar om sommaren. Det er høve til å tinge omvisingar, og museet har undervisningstilbod til barnehagar og skular og formidlingsaktivitetar for andre grupper.



Søknadstekst (Om tiltaket):

Det er eit prekært behov for rehabilitering og fornying av administrasjons og publikumsbygget til Sunnhordland museum. Dette for å kunna møte besøkjande med dagens standard for offentlege bygg. Museet har ikkje eit tilbod som svarar til krava om universell utforming, til dømes har ikkje rullestolbrukarar og bevegelseshemma tilfredsstillande tilgang til museet. Bygget har over tid vore utsett for vasslekkasjar, både gjennom taket inn i kontor og utsillingslokale og gjennom grunnmur og inn i magasinet. Dei gjentekne vasslekkasjane har medført skade på gjenstandar og dårleg inneklima for gjenstandar, besøkjande og tilsette. Situasjonen vart vurdert som prekær av konservator og våre faglege rådgjevarar hos bevaringstenestene på MuHo.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Prosjektet inneber både nybygg og rehabilitering av eksisterande bygningsmasse, inkludert nye areal til foajé, vringleareal, utstillingsareal, black box / kino, festsal, magasin og museumsbutikk. Kulturdepartementet har løyvd 10 millionar kr til tiltaket, med lovnad om ytterlegare 5,2 millionar kr ved seinare budsjett. Hordaland fylkeskommune har også løyvd nesten 5,9 millionar kr til tiltaket. Stord kommune vil bidra med 5,6 millionar kr når prosjektet er fullfinansiert.

Gamle Bergen – nytt publikumsbygg

Stiftelsen Bymuseet i Bergen

Nettside: <https://www.bymuseet.no/vaare-museer/gamle-bergen-museum/>

Om kulturarenaen:

Gamle Bergen Museum vart opna som friluftsmuseum i 1949 som ei «redningshamn» for Bergen sine rivingstruga eldre trehus. Bergen Gamle Museum er det største urbane friluftsmuseet i Noreg, og har ein bygningsmasse på 55 hus frå 1700-, 1800- og 1900-talet. Her kan du oppleve eit særprega bymiljø og noko av stemninga frå den tida Bergen var den største trebyen i Europa.

Parkanlegget ved museet er ope heile året. Om sommaren er det utvida opningstider ved museet, der du får tilgang til alle husa og får møte museumsskodespelarane som gjer historia om Bergen levande.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Gamle Bergen Museum er et urbant friluftsmuseum. Museet formidler stedets, menneskenes og bygningenes historie med særlig vekt på de siste 300-år. Bergens og Vestlandets historie er tett vevd sammen. Byen hadde fra 1850 en betydelig befolkningsvekst og svært mange kom tilflyttende fra det som i dag er Vestland. Nytt publikumsbygg sikrer helt nødvendig infrastruktur for Gamle Bergen, universell tilrettelegging og gir museet mulighet til helårsdrift. Gamle Bergen er det eneste friluftsmuseet i landet som fremdeles mangler dette. Dersom vi skal kunne ta en sentral rolle for formidling av Bergen og regionens historie, samt være en arena for frivillighet, mangfold og integrering må vi ha tilstrekkelig innendørs fasiliteter.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Det har blitt søkt om midlar til nytt publikumsbygg sidan 2014. Det er innvilga midlar til tiltaket frå Kulturdepartementet, Bergen kommune, Hordaland fylkeskommune og frå private givarar. I søknaden kjem det fram at tidlegare innvilga midlar står i fare om tiltaket ikkje blir sikra fullfinansiering.



Moster Amfi- og kyrkjarahistoriske senter

Moster Amfi- og kyrkjarahistoriske senter (to søknader)

Nettside: <https://mosteramfi.no/>

Om kulturarenaen:

Moster Amfi- og kyrkjarahistoriske senter er eit kultur- og opplevingssenter på Moster i Bømlo. I 1995 bygde Olav Tryggvarson den første kyrkja i Noreg på Moster, og i 1024 samla Olav Haraldson til kyrkjemøte. Då vart kristenretten innført i Noreg – nedfelt gjennom den første kyrkelova, som også blir rekna som den første eigentlege landslova. 1000-års jubileet for kristenretten blir markert i 2024.

Ved senteret finn ein Moster gamle kyrkje, ei av dei eldste steinkyrkjene i landet. Moster er også ein viktig stoppestad for kystpilegrimsleia frå Egersund til Nidaros. Moster Amfi er ein av hovudportalane for Geopark Sunnhordland. Bømlo Teater har i over 30 år samla aktørar og musikarar på utescenen i Moster Amfi for å framføre Mostraspelet. Senteret er ope for publikum, der dei mellom anna kan oppleve historiske utstillingar, vikingtida, gruvetunnel, Mostraparken og turløyper.

Søknadstekst (Om tiltaket):

1. Moster står no framfor sitt andre riksjubileum – Moster 2024. Vestland fylkeskommune og Bømlo kommune har etablert selskapet Moster 2024 AS. Dette selskapet har som oppgåve å planlegga og gjennomføra 1000- års jubileet i 2024. Moster Amfi – og kyrkjarahistoriske senter er staden for jubileumshelga 31.mai – 2.juni i 2024. Eit mål med riksjubileet i 2024 er å skapa drøftingar i skule og samfunn om vårt verdigrunnlag i den brytningstida me lever i. Samstundes skal jubileet bli eit varig løftfor å synleggjera den nasjonsbyggjande historia som ligg her. Det er ein naturleg ambisjon for styret i Moster Amfi og- kyrkjarahistoriske Senter (MA) å påta seg eit nasjonalt ansvar for den historiske arven på Moster etter jubileet i 2024. Sjå vedlegg

2. Denne søknaden gjeld finansiering av nytt ventilasjonsanlegg og nytt toalettanlegg. Ventilasjonsanlegget er frå 1995 og oppfyller ikkje krava til standard for ventilasjon. Dette gjeld både i høve arbeidsmiljø for dei tilsette, men og for gjester i anlegget. Det er montert nytt kjøkken i Amfikafeen. Det gamle tilfredsstilte ikkje krava frå Mattilsynet, som igjen førte til at det ikkje kunne produserast mat til gjester. Det kan gjerast no, men dette set og krav til ventilasjon. Fleire av toaletta i anlegget er øydelagde. Alle toaletta er utdaterte og lite funksjonelle. Handikaptoalettet er ikkje godt nok universelt utforma og gjer det vanskeleg for rullestolbrukarar å nytta. Sjå vedlegg.

Ytterlegare informasjon om tiltaka og søknadene:

Moster Amfi- og kyrkjarahistoriske senter ber i hovudsøknaden om midlar til å utvikle og oppgradere senteret til riksjubileet 2024, ved å bygge ny scene, nytt publikumsmottak, forbetre kontorlysingane og areal til ny utstilling. Det blir søkt om midlar til tiltaka frå stat, fylkeskommune og kommune. I søknad nr. 2 søker ein om midlar til nytt ventilasjonsanlegg og nytt toalettanlegg. Ei tilstandsvurdering frå 2020 slår fast at det er behov for vedlikehald og oppgradering av anlegget.



Kulturterminalen

M12 Gruppen

Nettside: <https://m12.no/>

Om kulturarenaen:

M12 Gruppen sette i 2020 i gang arbeidet med å utvikle produksjonslokale for scenekunst ved å bygge om og tilpasse to tidlegare verkstadslokale knytt til Stureterminalen i Øygarden. Bygga er godt vedlikehaldne, men må tilpassast ny bruk. Prosjektet er no i fase 1, der målet er forbetring av akustiske forhold, etablering av løftmekanisk utstyr og innkjøp av mobilt scene-/dansegolv. Kulturterminalen skal vere eit nasjonalt og regionalt kraftsenter for produksjon av scenekunst, film og tverrfaglege kunstprosjekt. Prosjektet rettar seg i hovudsak mot etablerte kunstnarar og produksjonsselskap som vil produsere i nasjonalt og internasjonalt format, men planlegg også samarbeid med utdanningsinstitusjonar.



M12 Gruppen har hovudkontor i Bergen og ei avdeling i Oslo. M12 tilbyr prosjektering, rådgjeving, fasilitering, design, produksjonsleiing og avvikling av kulturprosjekt. I tillegg disponerer M12 verkstadar for produksjon av scenografi og utstillingsobjekt, samt studio for videoarbeid og visualisering. Selskapet samarbeider med fleire større kulturverksemdar regionalt, nasjonalt og internasjonalt.



Søknadstekst (Om tiltaket):

M12 Gruppen AS ervervet i 2019 to store verkstedhaller i Øygarden kommune som nå er under ombygging. For å tilrettelegge fasilitetene til produksjon av scenekunst og film, er det behov for å gjennomføre større akustiske tiltak. Med tilskudd fra Kulturrom er det utarbeidet en rapport som beskriver behov og løsninger. Denne er vedlagt søknaden. I Fase 1A, (denne søknad) planlegges det akustisk isolering og justering av etterklangstid i Hall A, forsterkning av takkonstruksjon for installasjon av tekniske innretninger og anskaffelse av basis infrastruktur. I senere faser vil det gjøres tilsvarende tiltak i Hall B, oppgraderinger av støttearealer for artister og senere etableres fasiliteter for å kunne tilby residency for arenaens brukere.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

M12 Gruppen ønskjer i seinare fasar å vidareutvikle Kulturterminalen som produksjonslokale for scenekunstproduksjon, etablere studio for redigering, utvendig rehabilitering av bygningsmasse og etablering av ein kunstnarpark med studio, atelier og skrivestover.

Samvirket

Fjaler kommune

Om kulturarenaen:

Samvirket er eit kulturhus med produksjonslokale som PreForm AS skal fylle med skapande og formidlande kunst og kultur i samarbeid med andre regionale aktørar. Dette vil vere med å byggje opp eit breitt profesjonelt kreativt miljø i bygde-Noreg. PreForm AS skal drifte Samvirket, basert på ein samarbeidsmodell mellom kommune, frivillige organisasjonar og profesjonelle aktørar. Målet er å kombinere vanlege kulturhusfunksjonar, som konsertar, teater m.m., med profesjonell scenekunstproduksjon, musikkproduksjon, podcast/lyddrama og andre kunststartar. Huset skal vere møteplass for heile bygda og rømmar også aktivitetar i frivillige organisasjonar, Frivilligsentralen og utstyrssentralen BUA.

PreForm yter rådgjeving til kunst- og kulturprodusentar og den kreative næringa lokalt og regionalt, og skal sikre tilgang til lokale for kunstproduksjon og kunstnarleg utvikling. Kulturhuset Samvirket er sentralt med omsyn til det dette.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Samvirket var tidlegare eit butikklokale (Coop) som Fjaler kommune overtok tidleg 2018. Det vart kjøpt inn som møteplass og produksjonslokale for kunst. Ein har prøvd ut lokalet gjennom desse åra og no må ein få til ei bruksendring frå næringslokale til forsamlingslokale. PreForm har gjort investeringar på ca 1,3 mill knytt til scene, lysrigg og publikumsarena til ca 150. Det er også bygd to lydstudio til produksjon av radio, radioteater, podcast, musikk.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Prosjektet er støtta av Fjaler kommune, som også garanterer for prosjektet slik at det no kan leggast ut på anbod.



Urnes verdensarvsenter

Fortidsminneforeningen

Nettside: <https://urnesstavkirke.no/>

Om kulturarenaen:

Urnes stavkyrkje vart bygd rundt 1130, og er ei av dei eldste stavkyrkjene. Noko av bygningsdelane stammar frå ei tidlegare kyrkje på staden, og den berømte nordportalen med treskurd, kjent som Urnes-stilen, er datert til 1070. I 1979 kom Urnes stavkyrkje inn på UNESCO si liste over verda sin kultur- og naturarv. Miljødirektoratet autoriserte Urnes som verdsarvsenter i 2019 med planar for bygginga av eit nytt besøksenter. Senteret skal vere ein kombinasjon av museumsbygg med utstillingar og publikumsfasilitetar, og lokal samlings- og kulturarena. Senteret vil rette seg mot nasjonale og internasjonale besøkande, skular og lokalbefolkninga.



Det er rundt 20 000 besøkande ved stavkyrkja årleg, og med eit verdsarvsenter vil ein vise dei besøkande både hagebruk, jordbruk, tradisjonshandverk og formidle kyrkja si historie. Senteret skal bidra til eit berekraftig og utviklande lokalsamfunn. «Urnes-hagen», merksemd rundt FN sine berekraftsmål, tilrettelegging for kulturhistoriske vandringar, universell utforming, autentisk kopi av nordportalen og formidling til barn og unge vil bli særleg vektlagt i verdsarvsenteret.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Miljødirektoratet autoriserte i okt. 2019 Urnes som verdsarvsenter med planar for bygging av et nytt besøksenter. Det skal være inngangsporten til Ornes og er avgjørende for bærekraftig bruk, bevaring og sikring av stavkirka og verdsarvområdet. Bygget skal bidra til fullt ut å realisere ambisjoner og mål for formidling og aktiviteter knyttet til det å oppleve verdensarven, samt styrke den lokale forankringen og verdiskapningen. Verdsarvsenterets nye bygg skal være navet i et helhetlig publikumstilbud som knytter sammen formidlingen av stavkirken, kulturmiljøet og landskapet. Senteret med «Urnes-hagen» vil styrke og videreutvikle Urnes som et kulturelt fyrtårn og kraftsenter i regionen med nasjonale og internasjonale ringvirkninger.

Formidlingsverksted på KODE 1

KODE kunstmuseer og komponisthjem

Nettside: <https://kodebergen.no/>


Om kulturarenaen:

KODE 1 (tidligere Permanenten) er KODE sitt bygg for kunsthåndverk og design, og rommar også den faste utstillinga av gullsmedkunst frå Bergen, Sølvskatten. KODE 1-bygget stod ferdig i 1896, som eit permanent bygg for Vestlandske Kunstindustrimuseum. KODE kunstmuseer og komponisthjem er eit av Nordens største museum for kunst, kunsthåndverk, design og musikk. KODE har ansvar for fire museumsbygg i Bergen sentrum og komponistheimane til Edvard Grieg, Ole Bull og Harald Sæverud.

I 2011 opna KODE KunstLab, det første kunstmuseet for born i Noreg, med m.a. verkstadar og formidlingsareal for born og unge. KODE 4 som rommar KunstLab skal gjennom ein større rehabiliteringsprosess, og vil derfor ikkje kunne nyttast i åra framover. Dette er bakgrunnen for at KODE no søker om midlar til å etablere verkstad- og formidlingslokale i første etasje av KODE 1.

Søknadstekst (Om tiltaket):

KODE har lange tradisjoner for verkstedsaktiviteter rettet mot barn og unge. I 2011 åpnet vi KunstLab i KODE 4, Norges første kunstmuseum for barn. Etter at Bergen kommune i fjor besluttet å stenge Lysverksbygget på ubestemt tid, står KODE uten et rom som er tilpasset for denne type virksomhet. Det er et stort tap for byen og hele regionen at KODE ikke lenger har fasiliteter til å utføre dette viktige samfunnsoppdraget. Vi ønsker å benytte et tidligere butikklokale i første etasje av KODE 1 som vårt nye formidlingsverksted. Lokalet bærer i dag preg av å være utformet som arena for varehandel, og det vil kreves en del ombygging og tilrettelegging for at rommet skal nå sitt fulle potensiale som verkstedsrom.



Kulturhus i Kvam

Kvam herad

Om kulturarenaen:

Arbeidet med eit regionalt kulturhus i Norheimsund, under namnet Hardinghuset, tok til på byrjinga av 1990-talet – men andre tiltak har blitt prioritert i dei kommunale budsjetta. Eit regionalt kulturhus er no aktuelt igjen, då Vestland fylkeskommune skal bygge nye Kvam vidaregåande skule. Skulen skal stå ferdig i 2027. Det vil gje gode høve til fleirbruk og sambruk.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Ein ny kultursal i Norheimsund vil vera ei kulturell storstove for heile Hardanger. Både lyd kvaliteten og den visuelle opplevinga vil koma meir til sin rett ved produksjonar som krev ei stor scene, og store arrangement vil krevja mindre ressursar, då ein slepp å rigga opp og ned for kvar produksjon.

Ein slik sal vil gjera det lettare å trekkja større konferansar, gje lokale organisasjonar og arrangørar ein betre framføringsarena. På den måten vil ein storsal verta eit naturleg samlingspunkt for utøvande kunstnarar, og den vil gje høve til store og små kulturopplevingar i nærområdet. Eit slikt lokale vil også vera viktig for samfunnsutviklinga i Hardanger.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

I tillegg til kultursalen vil det nye bygget også huse nytt bibliotek og lokale til kulturskulen og vaksenopplæringa. Prosjektet er i ein tidleg fase, og finansieringa av ny kultursal er derfor uklår.



Bergen Kjøtt

Stiftelsen Bergen Kjøtt

Nettside: <https://www.bergenkjott.org/>

Om kulturarenaen:

Bergen Kjøtt er kreativ arbeidsplass, produksjonshus og kulturhus. Huset vart etablert som kulturarena i 2010 i den over 90 år gamle industribygningen i Skuteviken i Bergen, og husar rundt 100 profesjonelle artistar og musikarar som jobbar innan ulike sjangrar og uttrykk. I tillegg til studioa husar Bergen Kjøtt også prosjektrum og stort utstillingsrom, kalla Storsalen, med kapasitet til 500 personar.



Bergen Kjøtt er på over 2000 kvadratmeter i det som opprinneleg var ein margarinfabrikk bygd på 1930-talet og som på 1970-talet vart gjort om til kjøtforedlingsfabrikk. I 2019 tok Stiftelsen Bergen Kjøtt over drifta av kulturhuset frå Bergen Contemporary Art Project.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Stiftelsen Bergen Kjøtt søker hastetilskudd på totalt 817 000. Følgende tiltak er nødvendig:

1. Bytte ut 91 elektriske feil og mangler i bygningen
2. Modernisere det 20 år gamle ventilasjonssystemet, som betjener de studioer og fellesområder i 1. etasje
3. Bytt ut det lekkende hovedtaket som har stått ubyttet i over 50 år

Disse infrastrukturelle oppgraderingene vil garantere trygge arbeidsområder i huset med 75 studioleietakere, som utgjør en vesentlig del av regionens fremste produsenter og artister. For tiden er leietakerne og brukerne utsatt for elektriske brannårsaker og vannskader hvis vi ikke tar tak i disse spørsmålene umiddelbart. Uten et nytt ventilasjonssystem, kan ikke studioleietakerne våre bruke studioene sine forsvarlig.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Bergen Kjøtt har tidlegare fått tilskot frå spelemidlane til kulturbygg via Hordaland fylkeskommune.

Sentralbadet litteraturhus

Stiftelsen Sentralbadet litteraturhus

Nettside: <https://litthusodda.no/>

Om kulturarenaen:

Sentralbadet litteraturhus er eit litteratur- og kulturhus i Odda, og m.a. arena for møte, samtalar, festivalar og ulike framsyningar. Det er også kurs- og konferansedel i huset. Huset er del av det gamle smelteverket i Odda, som gjekk konkurs i 2003.

Litteratursymposiet i Odda er eit stort og viktig årleg arrangement, der Sentralbadet litteraturhus er ein sentral arena.

Litteraturhuset kan også leigast til møte, kurs eller andre arrangement.

Søknadstekst (Om tiltaket):

I ei tid med omstillingsprosessar og konflikter knytt til bruk og vern av dei gamle industriområda i Odda, har litteraturen vist seg å ha ein samlande og identitetsskapande funksjon i samfunnet. Initiativet til eit litteraturhus i Odda er ei vidareføring av litteratursatsinga i Odda dei siste 15 åra, med Litteratursymposiet i Odda som motor.



Stiftinga fekk hand om det gamle garderobehuset på Smelteverket etter nedlegginga, og vart etablert i 2011. Første byggetrinn var det året, seinare kom det heis på plass i huset. I 2016 starta vi prosjekt ferdigstilling, og har sakte, men sikker bygd rom for rom. No mangler siste trinn, med m.a. teknisk rom og ventilasjonsanlegg, som trengs for å få ferdigattest.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Det blir søkt om midlar til siste del av tredje byggetrinn ved litteraturhuset, der målet er å ferdigstille arbeidet ved huset. Søkjar har finansiert meir enn fire millionar kr. av prosjektet, som er budsjettert til i alt 6,4 millionar kr. Hordaland fylkeskommune har løyvd i alt 1,4 millionar kr. til utvikling av litteraturhuset, gjennom tildelingar i 2012 og 2019.

USF Verftet / Kulturkvartalet Verftet

Stiftelsen Kulturhuset USF

Nettside: <https://usf.no/>

Om kulturarenaen:

USF Verftet er landets største samlokalisering av kunst-, kultur- og kreative verksemder, med omlag 200 personar som har arbeidsplass på huset. USF Verftet er også scenehus for turnerende norske og internasjonale artistar, og trekker publikum frå heile regionen. Det er stor breidde i brukarane av arenaen frå dei kreative næringane, i tillegg til publikum som besøker konsertar og andre arrangement. USF Verftet har fleire kultursalar, studio, visningsrom, cinematek, møterom og utandørs scene.

Søknadstekst (Om tiltaket):

En utvidelse av USF Verftet til Kulturkvartalet Verftet med nabolomtten Kjødehallene. Den vanskelige kulturarenasituasjonen i Bergen står i veien for den kunstneriske utviklingen og for utviklingen av kulturbyen. Vi mangler egnede scener for en rekke kulturuttrykk som krever store areal og kapasitet til 3-4000 publikummere. For at kulturaktørene i Bergen skal skal kunne innfri sine kunstneriske ambisjoner trenger vi formålstjenlige kulturbygg. En utbygging av vår nabolomt med Kjødehallene vil løse disse arenabehovene.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Søknaden manglar nødvendig dokumentasjon som er krevd gjennom retningslinjene for tilskotsordninga.



Prosjekt Griegkvartalet

Bergen Nasjonale Opera, Bergen Filharmoniske Orkester, Grieghallen

Nettside: <https://www.grieghallen.no/om-oss/aktuelt/griegkvartalet/>

Om kulturarenaen:

Bergen Nasjonale Opera, Bergen Filharmoniske Orkester og Grieghallen ønsker å nytte Edvard Griegs plass og det underjordiske parkeringsanlegget til musikkteater- og konsertsal. Det er utvikla skisseprosjekt for Griegkvartalet, og neste fase i prosjektutviklinga er utarbeiding av planprogram, designkonkurranse og reguleringsplan for området. Søklarane ønsker gjennom Griegkvartalet m.a. å bli ei arenaklynge av internasjonalt format, å bygge nye og fleksible musikkteatersalar, å bygge nye messe- og utstillingsareal, å utvikle byrommet i området, tilby kontorfasilitetar i ei kulturaktørklynge og utvikle Nygård skole til arena for opplæring og talentutvikling av barn og unge innan musikk og andre kunstnarlege uttrykksformer. Målet er å kunne opne det nye huset i høve Grieghallen sitt 50-års jubileum i 2028.

Søknadstekst (Om tiltaket):

Ambisjonen er stadig å bygge en musikkteater- og konsertsal av høy arkitektonisk kvalitet, inviterende publikumsfasiliteter, funksjonelle sceneforhold og med et optimalt akustisk og scenisk rom for opera og musikaler, konserter, ballett og dans og andre musikalske og sceniske uttrykk. Den nye huset skal avlaste Grieghallens tidvis sprenkte kapasitet og komplementere dens funksjonalitet og gi mulighet for styrket måloppnåelse for Bergens profesjonelle musikk- og scenekunstinstitusjoner med statlig forankring.

Ytterlegare informasjon om tiltaket og søknaden:

Søknaden er sendt inn etter søknadsfristen og manglar nødvendig dokumentasjon som er krevd gjennom retningslinjene for tilskotsordninga. Det er søkt om midlar til prosjektet via Kulturdepartementet si ordning for nasjonale kulturbygg.

